

## **AUSTEVOLL KOMMUNE**

### **Retningslinjer for tildeling av tilskot til utbetring/tilpassing**

Frå 2020 er det ei kommunal oppgåve å gi økonomisk hjelp til bustadetablering og bustadtilpassing. Tilskotet kan bli gitt aleine, eller i samfinansiering med startlån, eventuelt lån frå Husbanken til oppgradering (lån til bustadkvalitet).

#### **1, Kven kan få:**

Personar med nedsett funksjonsevne og eldre over 60 år som ynskjer å tilpasse bustaden sin slik at dei fortsatt kan bu heime ved framtidig nedsett funksjonsevne.

Både personar som eig eigen bustad og personar som leiger bustad kan få tilskot.

Dersom kommunen velgjer å gje tilskot til søkjar i leigd bustad må utleigar godkjenne tiltaka som gjeld tilpassinga.

Ved nedsett funksjonsevne må uttale frå ergoterapeut/fysioterapeut leggast ved søknad.

Startlån kan òg bli gitt til finansiering av tilpassing av bustad.

Personar som har folkeregistrert adresse i Austevoll kan søkje om tilskot til utbetring/tilpassing til bustader i Austevoll kommune.

#### **2, Kva blir det gitt tilskot til:**

Tilskot til tilpassing kan gjevast til alt frå enkle tiltak til større ombyggingar, til dømes:

- Utvendig terrengarbeid der det er nødvendig for å betre tilgjengelegheita.
- Påbygging/ombygging av bustad for å få alle nødvendige rom på eitt plan.
- Utviding av dørøpningar/rom/korridorar og byte av dører, inkludert brannrør.
- Fjerning av tersklar og terskelplater.
- Installering av eller tilrettelegging for velferdsteknologi som får bustaden til å fungere betre og førebyggje behov for tenester eller innlegging i institusjon.
- Anna arbeid som er nødvendig for at personar med nedsett funksjonsevne kan fortsetje å bu heime.

#### **3, Kor stort tilskot kan tildelast:**

Austevoll kommune gjev tilskot til utbetring/tilpassing opp til kr. 40.000,- utan pant i eigedom. I særskilte tilfelle kan det vurderast å gje høgare tilskot. Ved tilskot ut over kr. 40.000,- må det takast pant i eigendomen i høve til at tilskotet då skal nedskrivast med 5% kvart fullførte år frå utbetalingsdato.

Tilskotet er avhengig av tilgjengelege midlar i kommunen, samt ei heilskapleg vurdering av behov og mogelegheiter for stønad frå andre offentlege ordningar.

Tilskot til tilpassing er behovsprøvd. Ordninga skal i utgangspunktet vere tilgjengelig for folk flest, men med ei vurdering om at husstandar med god økonomi kan dekke heile eller delar av utgiftene til tilpassing sjølv.

#### **4, Høve til å klage:**

Det kan klagast på tildeling, utmåling, avvising og avslag etter reglar i forvaltningslova.

Klageinstans er Formannskapet i Austevoll.